

Handlingsplan
for nynorsk
2017-2018

NIK

«Det er viktig for NRKs samfunnsoppdrag at vi skal speile det norske samfunnet, også språklig. I tillegg har vi krav om at minst 25 prosent av sendingene skal være på nynorsk. Det har jeg et klart mål om at vi skal nå.»

Thor Gjermund Eriksen, kringkastingssjef.



Vi brukar identiteten vår, sa Ronny Brede Aase då han, Markus Neby og Silje Nordnes mottok Språkprisen for 2016 frå kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen. (Foto: Sidsel Mundal/NRK)

NRK skal ha eit truverdig og variert språk som heile landet kan kjenne seg att i. Framveksten av internasjonale medieaktørar, med sterkare og sterkare fotfeste, gjer dette oppdraget viktigare enn nokon gong. Påverknaden frå engelsk er sterk, og me må arbeida hardare for å ta vare på norsk språk. «Vi kan ikke stole på at Facebook, Netflix og HBO tar ansvar for norsk språk, kultur og demokrati.» (Kringkastingssjefen i Aftenposten 1.12.2016.) Godt NRK-språk skapar tillit og tiltru.

Det språkelege mangfaldet er stort. Frå bokmål, nynorsk og dialektbruk til dei samiske språka, supplert med eit stort språkleg og kulturelt mangfald i kjølvatnet av innvandringa. NRK si oppgåve i denne situasjonen er å ta vare på heile det norske språkmangfaldet, både det gamle og det nye. Vi har såleis ansvar for at dei to norske målformene lever godt, side om side, i samfunnet vårt

Stortinget har bestemt at minst 25 prosent av innhaldet NRK publiserer skal vera på nynorsk. Det er eit krav vi tek på alvor og skal oppfylle. Gjennom språkarbeidet og språkpolitikken vi fører, har vi lege tett på dette kravet dei siste åra, og i 2015 nådde vi for første gong kravet om 25 prosent nynorsk i eteren. På nett ligg NRK under kravet, med 18 prosent i 2015. NRK står framleis sterkt i radio og på TV, men medievanane er i sterk endring i retning av mobile plattformer. Dei unge går først, og resten av folket kjem etter. Prosjektgruppa understrekar at nynorskkravet må følgja publiseringsendringane i NRK. Det krev særleg merksemd på innhald som NRK formidlar via nett og sosiale media.

Skal NRK greia å oppfylle kravet om å levera mykje og god nynorsk også i framtida, må vi løfta dette arbeidet høggre opp i medvitet vårt. Nokre redaksjonar leverer langt over kravet, medan andre synest det er vanskeleg å levera nynorsk i det heile. Vi har sett på årsakene til dette og kjem med løysingar som med enkle grep kan føra til positive endringar.

For nokre vil dette krevja ei større omstilling, for andre vil truleg berre ei endring av tenkjemåten gje gode resultat. Evna og moglegheita til å sjonglera mellom målformene er ein stor fordel for NRK. Kjeldespråket er

gjerne tungt og offisiøst og kan tilsløra meir enn det opplyser. Nynorsk er eit aktivt, verbalt språk. På sitt beste er det korthogd, med aktive setningar og færre framandord. Prosjektgruppa vil hevda at nynorskbruken i NRK har vore med på å gjera nyhendespråket i NRK betre og medverkar til at sjølv vanskelege emne kan formidlast på ein god og forståeleg måte.

Kva veit vi om nynorsk-kompetansen i NRK?

Undersøkingane som er gjort i samband med dette arbeidet, viser at rundt 14 prosent av dei redaksjonelle medarbeidarane i NRK er nynorskbrukarar. Tala viser også at 20 prosent av dei som svarar at dei skriv bokmål privat, seier at dei skriv nynorsk godt eller svært godt.

Når det kjem til leiarane, er det om lag åtte prosent som er nynorskbrukarar privat, og fleire av desse skriv mest eller berre bokmål på jobb.

Trass i at vi har ein god bank med nynorskbrukarar og folk med nynorsk-kunnskap i staben, viser svara at nesten ingen av bokmålsbrukarane skriv nynorsk på jobb, medan nynorskbrukarane i større grad vekslar. Det er altså mykje å henta på å ta i bruk den «sovande» nynorskkompetansen som alt finst i NRK.

Prosjektgruppa har ønskt ein kort, men handlekraftig plan for nynorsk i NRK. Godt språkleiarskap er det viktigaste tiltaket for å sikra at NRK framleis er eit fyrtårn for norsk språk. Stortingets nynorskkrav er ikkje til diskusjon, og det er eit leiaransvar å sikra gjennomføringa i NRK.

Forslag til handlingsplan vart sendt styringsgruppa 30. januar 2017. Fakta og analysar som er innhenta er ikkje lagt ved her, men er tilgjengelege hjå språksjefen. Desse var med i prosjektgruppa: Ragnhild Bjørge, Christian Fougner, Signe K. Hotvedt, Oddmund Løkensgard Hoel og Vigdis Holmaas.

Framlegg til tiltak i handlingsplanen

Leiaransvaret for nynorsk i NRK blir sett i system

Toppleiargruppa sikrar at NRK-leiarane tar ansvar for at vi når målet om 25 prosent nynorsk i NRK.

Endringar i medievanar og publisering krev særleg merksemd på nynorsk-innhald på nett og i sosiale medium. Det er eit mål å auke nynorskandelen der. Det er avgjerande for den framtidige posisjonen til nynorsk i NRK.

Nynorskmålet skal inn i målkorta til redaksjonelle leiarar i NRK.

For å tydeleggjera kravet til gjennomføring, vert nynorskkravet sett inn i målkorta frå topp til botn i organisasjonen.

Leiarar med nynorskkompetanse brukar nynorsk på jobben.

Den «sovande» nynorsk-kompetansen hjå medarbeidarar og leiarar er ein viktig ressurs. Leiarar har ansvar for at NRK tar denne ressursen i bruk. Det gjeld både redaksjonelt og i leiarskriv.

Profilbygging, rekruttering og kompetanseutvikling

NRK satsar på nynorskbrukarar i talent- og profilutvikling.

NRK-redaktørar skal ha ein offensiv plan for å få opp fleire nynorskprofilar i si linje. Profilane er rollemodellar som sender viktige signal, både internt og eksternt. Profilbygging fortel kven vi ønskjer å vera og kva verdiar NRK står for.

Nynorsk mediesenter si rolle som kompetansesenter skal utgreiast.

Det skal vurderast om Nynorsk mediesenter i tillegg til rekruttering også skal ha ansvar for språkleg kompetanseutvikling.

NRK skal ha ein strategisk kompetanseplan for nynorsk.

Redaksjonar og avdelingar med låg nynorskprosent skal prioriterast. Planen skal innehalda tiltak som kurs, evaluering og etablering av ei gruppe med nynorskfadrar. Det skal utviklast eit eige feature-kurs for nynorskbrukarar, med kjende feature-journalistar som førelesarar.

Språkkompetansen i redaksjonar og avdelingar skal kartleggjast.

Formålet med ei slik kartlegging er å få oversikt over kven som faktisk kan skriva nynorsk, kven som kan oppmuntrast til å skriva meir nynorsk på jobb, og kven som bør få tilbod om kurs.

Andre tiltak

Intervju og saker laga av nynorskjournalistar skal ikkje omsettast til bokmål.

Det gjeld også når det blir laga nettversjonar av radio- eller tv-saker.

Endringar av språkregistrering i CV.

Personalsida må endrast slik at alternativa vert nynorsk, bokmål og samisk, i staden for berre «norsk». Dette vil gje oss nyttig oversikt over språkkompetansen i NRK og over kven som treng oppfrisking eller kurs.

Tilsetjingsbrev og arbeidsavtale på nynorsk.

Både tilsetjingsbrev og arbeidsavtale må vera tilgjengelege på nynorsk, bokmål og samisk.

Gode råd for at du som er leiar skal lukkast

NRK blir eit språkleg fyrtårn når du som leiar prioriterer godt språk og legg til rette for meir nynorsk. Vi gjev deg nokre tips:

Språkkontakten.

Når du startar arbeidet med å setja planen ut i live, set deg ned i lag med språkkontakten, og lag ein plan for nynorsktiltaka i din redaksjon. Språkkontakten har avsett ein dag i månaden til språkrøkt.

Nynorsk mediesenter.

Bruk rekrutteringstiltaket NRK Nynorsk mediesenter aktivt for å nå måla dine og for å få opp nynorskprosenten i avdelinga di.

Tenk nynorsk når du rekrutterer.

25 prosent av det NRK publiserer skal vera på nynorsk. Ta omsyn til det når du rekrutterer. Det meste av rekrutteringa i NRK i dag skjer internt eller som vikarar og tilkallingsvikarar. Still krav om kompetanse både i nynorsk og bokmål når du skriv utlysingstekst og når du intervjuar søkjarar.

Inspirer nynorskbrukarar til å skriva nynorsk på jobben. Bruk dei i posisjonar der dei publiserer innhald.

Bruk måling og evaluering aktivt for å skapa motivasjon og merksemd om nynorsk i NRK.

Språkmiljø

Det er viktig å sikra eit godt språkmiljø i redaksjonen. Dersom du skal skapa eit godt klima for nynorskbruk, bør det vera minst to eller tre habile nynorskbrukarar som kan spela på kvarandre.

Iverksetjing, måling og rapportering

Denne handlingsplanen skal gje nynorskbruken i NRK eit løft i perioden 2017–2018, og den skal vera eit nytt, permanent styringsdokument i NRK. Planen må såleis rullerast, første gong i slutten av 2018 for ein ny planperiode som byrjar i 2019.

Språksjefen og språkstyret har ansvar for rulleringa.

Oppfølging av leiaransvaret

Kringkastingssjefen presenterer planen internt og eksternt. I tillegg blir planen forankra på vanleg vis, frå leiar til leiar, frå leiar til medarbeidar.

Kvar avdeling skal definera eit talfesta mål for nynorskproduksjon for det komande året. Målet skal vera ambisiøst og spegla den strategiske satsinga for å styrkja nynorskbruken i NRK. Målet skal godkjennast av redaktør på nivå 3 og leggst inn i målkortet. Redaktør har ansvar for ein tiltaksplan som er tilpassa dei ulike utfordringane i dei ulike avdelingane. Tiltak kan plukkast frå nynorskplanen.

Språksjefen sender minst årleg ut målingar til alle leiarar, med målformmålinga i eteren, talet på nettsaker i redaksjonen, oversyn over kor mange nettsaker som er skrivne på nynorsk, og nynorskbrukande profilar. Vidare informerer språksjefen på leiarmøte i programdivisjonane og gir råd direkte til leiarar. Redaksjonane fører også sjølve tilsyn over korleis det står til med nynorskbruken og legg planar for å få medarbeidarane til å publisera meir på nynorsk. Språk og nynorskkrav er tema i utviklingssamtalane som leiarane har med dei tilsette, og som leiarane har i linja gjennom året. Det vert også ein del av rapporteringa til årsrapporten.

Oppfølging av profilbygging, rekruttering, og kompetansebygging

Alle redaksjonar rapporterer inn nynorskbrukarar i sine redaksjonar og kva posisjon dei hadde ved inngangen til 2017 og ved årsslutt i 2017 og 2018. Ved årsslutt skal leiarane også rapportera kort om korleis dei har jobba med dette, kva som har fungert, og kva som ikkje fungerer. Dei skal også vurdere status for nynorskkompetansen i eigen redaksjon. Dette blir ein del av målkortsamtalane, og skal også rapporterast til språksjefen.

Nynorsk i tal – målingar gjennom året og ved årsslutt

- Vi held fram dei tradisjonelle målformmålingane ved årsskiftet, men synleggjer tala tydelegare gjennom året.
- Minst årlege målingar med målformmålinga i eteren, talet på nettsaker i redaksjonen, oversyn over kor mange som er skrivne på nynorsk, nynorskbrukande profilar, og så vidare, skal sendast ut til alle leiarar.
- Talet på nynorskartiklar blir ein del av standardoppsettet i evalueringssystema og i det faste oversynet over artiklane kvar redaksjon har publisert (akkurat no, siste sju og siste 30 dagar).
- Vi startar med målingar av nynorsk også på saker og seriar laga for NRK TV og SoMe, ikkje berre på dei tradisjonelle plattformene.
- Vi tel opp nynorskbrukarar i ulike avdelingar og redaksjonar og ser på utviklinga over ein toårsperiode; ikkje for å knyta dette til målformmålinga, men for å sjå om tiltaka i handlingsplanen gjev ringverknader.
- Det blir sett tidsfristar for arbeidet. Startskotet går når handlingsplanen for nynorsk er presentert tidleg i 2017, med oppfølging i 2018 og 2019.

Mandat for arbeidet med nynorsk i framtida

Bakgrunn:

NRK styrkjer norsk og samisk språk og kultur. Det slår langtidsstrategien til NRK fast.

For å sikra at vi greier å oppfylle dette målet, også for nynorsk, har språkstyret vedteke å laga ein handlingsplan for nynorsk i NRK. Arbeidet med denne handlingsplanen skal organiserast som eit prosjekt.

Noreg er eit språksamfunn prega av mangfald, eit mangfald NRK ynskjer å ta vare på, formidla og spreia kunnskap om. Nynorsk er ei av to offisielle målformer i Noreg. Det er hovudspråket til 600.000 innbyggjarar, det er i tillegg kvardagsspråket til minst like mange. Difor skal NRK levera mykje og god nynorsk på alle plattformer, også i framtida.

NRK skal spegla Noreg. NRK har eit særskilt ansvar for norsk språk, særleg for nynorsk. Det slår NRK-plakaten fast med formuleringa om at minst 25 prosent av innhaldet skal vera på nynorsk. I 2015 nådde NRK måla om minst 25 prosent nynorsk i radio og tv, medan nynorskprosenten på nett var 18. Det gjev oss eit samla tal på 24 prosent, noko som er ei positiv utvikling. Likevel ser vi at ulike redaksjonar og kanalar har utfordringar med å koma opp på det nivået dei skal vera, både når det gjeld omfang og kvalitet.

NRK skal kjenneteiknast av godt språk. I ein mediekvardag der tempoet stadig vert høgare og terskelen for å publisera blir lågare, er det viktig at ein sikrar at språket generelt og nynorsken spesielt held eit kvalitativt høgt nivå. Difor må NRK sikra at vi har nok nynorskkompetanse til å sikra både kvalitativt og kvantitativt god nynorsk raskt.

Føremål:

Sikra at NRK leverer godt og relevant innhald på nynorsk også i framtida, og at NRK oppfyller nynorskkrava som vert stilt til verksemda.

Mål:

Målet med prosjektet er å gjera framlegg om tiltak som skal sikra rekruttering, kompetanse og produksjon på nynorsk i framtida. For å kunna gjera dette, må vi kartleggja nynorskkompetansen og leveransane på nynorsk i organisasjonen og evaluera tiltak som er sette i gang.

Prosjektgruppa skal:

- Foreslå og prioritera tiltak for å nå måla over.
- Leggja fram ein plan for implementering av tiltak og forankring av strategien i alle ledd i organisasjonen.
- Gjera framlegg om kva NRK som organisasjon bør oppnå i neste strategiperiode
- Finna målemetodar for dei ulike tiltaka gruppa gjer framlegg om, og for å evaluera tiltak som er sette i gang
- Henta inn fakta, gjera analysar og definera språklege utfordringar for verksemda.

Leveranse og avgjerd:

Prosjektgruppa skal levere sine forslag innan 31. desember 2016. Etter det skal det vedtakast tiltak, som så skal implementerast. Prosjektgruppa startar arbeidet i september 2016. Dei leverer framlegget sitt til styringsgruppa. Prosjektgruppa leverer ein statusrapport midtvegs. Språkstyret skal også få rapportar om arbeidet undervegs.

Bemanning og organisering av prosjektet:

NRK lagar eit prosjekt, der Inger Johanne Solli (leiar i språkstyret og dk-sjef for Hedmark og Oppland), Steinar Nielsen (programredaktør i mediedivisjonen og medlem av språkstyret), Ragnar Christensen (distriktsredaktør i Rogaland) og Svein Ove Hansli (redaksjonssjef for økonomi og politikk i nyheitsdivisjonen) utgjer styringsgruppa.

Redaktørmøtet til kringkastingssjefen er prosjekteigar.

Desse sit i prosjektgruppa:

Ragnhild Bjørge, språksjef

Christian Fougner (redaksjonssjef nett nyheiter/NDIV)

Vigdis Holmaas (leiar for distriktsredaksjonen i NRK Hordaland/DDIV)


Ole Rolfsrud (programleiar sport/Marienlystdivisjonen)

Oddmund L. Hoel, historikar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Ulf Morten Davidsen er prosessleiar.

Status for nynorsk i NRK 2016

Nynorskandel pr kanal i 2013-2015



Tala viser at nynorsken har hatt noko framgang dei siste åra. Frå 2014 til 2015 gjekk nynorskdelene på radio og TV fram frå 22,6 til 25 prosent. Ein stor del av den auka nynorskbruken skuldast meir bruk av dialekt i eteren. I statistikken vert dialektbruk delt 50/50 på bokmål/nynorsk. Den reine nynorskdelene gjekk frå 15 til 14,6 prosent.

Det siste året er det verd å merke seg at NRK Super har hatt ein sterkt auke i nynorskdelene etter at kanalen sette inn ei rad tiltak, mellom anna auka bruken av nynorsk som dubbingspråk.

Når det gjeld nett er vi langt frå målet om 25 prosent nynorsk. 18 prosent av artiklane på nrk.no var i fjor på nynorsk.


Leiarane meiner det er uviktig

90,2 prosent av leiarane i NRK definerer seg som bokmålsbrukarar (skriv bokmål privat). 8,3 prosent brukar nynorsk privat. To tredelar av nynorsk leiarane brukar nynorsk konsekvent i jobben.

Leiarane vektlegg kravet om at 25 prosent av NRKs innhald skal vere på nynorsk, svært ulikt, avhengig av eigen språkbakgrunn. 100 prosent av nynorskskrivande leiarar meiner dette er viktig. Blant bokmålsskrivande leiarar fordeler dette seg slik: Viktig: 47 prosent. Ikkje viktig: 35 prosent. Inga meining: 17 prosent.

Vi meiner det er påfallande at kvar 3. bokmålsleiar meiner dette er uviktig.

Minst 25 prosent av det NRK publiserer skal vere på nynorsk. Opplever du at dette er viktig for deg?



Når det gjeld opplevinga til leiarane av kor viktig dette kravet er blant dei tilsette, meiner nesten halvparten av bokmålsleiarane at dette vert oppfatta som uviktig i redaksjonen/avdelinga.

Sovande nynorskceller

3 av 4 leiarar svarer at dei ikkje har sett i gang tiltak for å auke nynorskprosenten.

Blant redaksjonelle leiarar seier 18,9 prosent at dei ikkje plar vurdere nynorskkunnskap ved tilsettingar. 33 prosent gjer det 'sjeldan'. Berre 14 prosent gjer det 'alltid'.

75 prosent av dei tilsette i NDIV er 'tilfreds' eller 'særs tilfreds' med egne haldningar til nynorsk. I DDIV er 69 prosent like nøgde.

18 prosent av journalistane seier dei skriv nynorsk privat, men berre 13 prosent skriv (mest eller berre) nynorsk på jobb. Fleire av dei som skriv nynorsk privat seier at dei treng meir oppmuntring for å skrive meir nynorsk i jobben.

Rekrutteringsgrunnlaget

Mellom 10 og 15 prosent av nordmenn reknar seg som nynorskbrukarar. Det tilsvarar 600 000 menneske. 13 prosent av elevane i grunnskulen har nynorsk som hovudmål. Det gjer at rekruttering av journalistar som kan levere 25 prosent nynorsk innhald, er ei utfordring.

Råda me har fått av journalistar og leiarar i NRK gjennom undersøkinga og intervju har vore å tydeleggjere kravet, og at leiarane må målast på nynorskdelen på avdelings/redaksjonsnivå. Konkrete tiltak som oppmuntring, bevisst rekruttering og intern opplæring vert trekte fram som ønskje tiltak.

NIK